



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

MØTEPROTOKOLL

Utval: Valstyret
Møtestad: Formannskapssalen, Sande Rådhus, Larsnes
Dato: 04.01.2017
Tid: 13:45 – 15:30

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dag Vaagen	Leiar	H
Helge Støylen	Nestleiar	TVP
Ruth Hatlebrekke Rekdal	Medlem	H
Kari Grønnevik	Medlem	SP
Arnljot Muren	Medlem	A

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Tove Cathrine Kvamme	valansvarleg

Innkalling og protokoll frå forrige møte vart godkjent utan merknadar.

Røysteføre: 5

SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
PS 1/17	Skriv og meldingar	
PS 2/17	Folkerøysting 27. februar 2017 - opplegg og delegasjon	2016/1331
PS 3/17	Godkjenning av røystesetel	
	Eventuelt	

PS 6/17
SKRIV OG MELDINGAR

Handsaming i Valstyret :

PS 7/17
FOLKERØYSTING 27. FEBRUAR 2017 - OPPLÈGG OG DELEGASJON

Handsaming i Valstyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

1. Rådmannen får fullmakt til å oppnemne førehandsrøystemottakarar, jf. Vallova § 8-2, og dette vert i hovudsak tilsette på Servicekontoret. Så langt det let seg gjere bør det alltid vere 2 røystemottakarar tilstades ved røystegjevinga. Valansvarleg har ansvar for nødvendig opplæring.
2. Førehandsrøysting vert i perioden 16.01 – 24.02.2017. Førehandsrøystinga føregår på Servicekontoret på Rådhuset i opningstida kl 09.30 til kl 14.00.

Det vert mottak av førehandsrøyster på Sandetun og Haugatun tysdag 21. februar frå kl 10.00. Ambulerande røystemottak vert utført i veke 8. Ved ambulerande røystemottak skal det nyttast røystesetelkonvolutt og omslagskonvolutt.

3. Manntalet vert lagt ut til offentleg ettersyn på rådhuset så snart manntalsutkastet ligg føre etter skjeringsdatoen 15. desember 2016, og fram til valdagen. Veljarar som ikkje står i manntalet kan søkje om innføring etter gjeldande reglar.
4. Måndag 27. februar vert det valting i desse vallokala med slike opningstider:
For Gjerdsvika røystekrins: Gjerdsvika oppvekstsenter, kl 12.00 – 19.00
For Gursken røystekrins: Gursken oppvekstsenter, kl 12.00 – 19.00
For Larsnes røystekrins: Larsnes oppvekstsenter, kl 12.00 – 19.00
For Sandsøy røystekrins: Sandsøy oppvekstsenter, kl 12.00 – 19.00
For Kvamsøy røystekrins: Kvamsøy oppvekstsenter, kl 12.00 – 19.00.
5. Valstyret godkjenner følgjande prosedyrer for folkerøystinga:
 1. Prosedyre for brevstemmer førehand
 2. Prosedyre for førehandsrøysting
 3. Rutiner på valdagen i vallokala
6. Valstyret, saman med sekretariatet står for oppteljinga. Rådhuset vert oppteljingsstad. Det skal teljast samla for alle krinsane. Sperrefrist for offentleggjering av resultat vert sett til kl 21.00.
7. Det vert gitt delegasjon til valsekretariatet v/valansvarleg så langt som mogleg for praktisk gjennomføring av valet.

PS 8/17

GODKJENNING AV RØYSTESETEL

Handsaming i Valstyret :

Framlegg frå Dag Vaagen:

Ein viser til kommunestyrevedtak i sak K-93/16, og fastset slik utforming av røystesetel:

«Rådgevande folkerøysting i Sande 27.02.2017 om intensjonsavtale mellom Sande og Herøy.

Bør Sande kommune danne ei ny kommune saman med Herøy kommune?

Ja

Nei

Eg ønskjer å stemme blankt

Du kan berre sette eit kryss.»

Framlegget frå Dag Vaagen vart vedteke med 4 mot 1 røyst (A).

Protokolltilførsel frå Arnljot Muren:

Med bakgrunn av tidlegare praksis med stemmestel og innhald i uravstemning for fem kommunar avstemminga bør same stemmesetelinnhald leggast fram for befolkninga under avstemming av samanslåing med Herøy kommune.

EVENTUELT

Leiar Dag Vaagen orienterte om planane for folkemøte på Breidablik, Larsnes – onsdag 8. februar kl 18.00, evt andre folkemøter rundt i bygdene, og utarbeiding av informasjon til innbyggjarane.

Til å skrive under møteboka saman med leiaren vart Kari Grønnevik og Helge Støylen valde.

Møtet slutt kl 15.30

Kari Grønnevik

Dag Vaagen

Helge Støylen

Rett utskrift

SANDE SERVICEKONTOR, 6084 Larsnes, 5. januar 2017


Tove Cathrine Kvamme

Politisk sekretær